

SAK 32/23 ADMINISTRATIV RESSURS – SAMFERDSEL FRAM MOT NTP 2024

Saksopplysning:

På Hallingtinget 20. april 2023 vart det drøfta korleis me skal organisere samferdselsarbeidet i Hallingdal framover mot NTP. Det vart gjort slikt vedtak.

Vedtak:

1. Samferdselsutvalet i Hallingdal heldt førebels fram som i dag og skal påverke i NTP prosessen på kort sikt.
2. Dagleg leiar får i oppdrag å utarbeide ei sak som skal innehalde ei vurdering av kortsiktige og langsiktige løysingar på følgjande:
 - Behov for- og ev. finansiering av ein administrativ ressurs
 - Oppgåver for ei ev administrativ samferdselsstilling
 - Korleis skal næringsliv og organisasjonar involverast
 - Tverrpolitisk samansetning og organisering etter valet i haust
3. Saka skal behandlast i Regionrådet 26. mai 2023, før den blir sendt til kommunestyret i alle kommunane.

I denne saka blir Regionrådet invitert til å ta stilling til om ein skal ha ein eigen administrativ stilling på samferdsel i Regionrådet, kva oppgåver som ev. bør ligge til ei slik stilling og korleis dette kan finansierast.

Vurdering:

Veg og bane er ein av dei viktigaste føresetnadene for vekst og utvikling i Hallingdal. Samferdsel må derfor prioriterast høgt også i framtida. Kampen om samferdselsmidlane er evigvarande og det er stadig fleire prosjekt som kjempar om dei same midlane. Det er derfor viktig at Regionrådet har ein viss kompetanse innan fagfeltet, og det er avgjerande at eit tverrpolitisk Hallingdal står samla og at næringsliv og organisasjonar er med og dreg i same retning. Dette er det stor semje om i Hallingdal.

Det er fleire, både på Hallingtinget og i samferdselsutvalet som tek til orde for ei eigen administrativ samferdselsstilling i Hallingdal. Dei peiker på at samferdsel er kontinuerlig arbeid og kompliserte prosessar - eit eige fag som ein må rette ekstra fokus på. Ei slik stilling kan riggast på ulike vis, men kan ha følgjande oppgåver:

- Ha oversikt over fagområdet og aktuelle alliansar og samarbeidspartar
- Vera pådrivar for alt samferdselssamarbeid i Hallingdal framover.
- Drive påverknadsarbeid mot regjering, storting, fylke og fagetatane
- Drive informasjonsarbeid på alle nivå

Det finnes også dei som meiner at ei ikkje treng ei slik stilling og som meiner at oversikt, framdrift og noko av informasjonsarbeidet kan handterast av administrasjon i Regionrådet i dag, mens påvirkning og lobbyverksemd, i større grad må gjerast av politisk nivå i Regionrådet/samferdeslutval i samarbeid med administrasjonen.

Det er også uavklart kva som skjer med Forum nye Bergensbanen i framtida. FNB er, og har vore ein pådrivar og lobbyorganisasjon i fleire år, men no har dagleg leiar fått ny jobb og forumet må velge retning. Det betyr at det er for tidleg å svara på om ei ev. eiga stilling på samferdsel i Hallingdal, skal jobbe med både veg og bane.

Økonomi:

I denne saka er det ikkje vurdert konkrete løysingar eller konkrete personar som kan vera aktuell inn i ei stilling og det er derfor uråd å si kva ei samferdselsstilling vil koste. Det er likevel sikkert at det vil vera behov for ein erfaren, godt utdanna person med rett bakgrunn og stort nettverk. Med eit slikt

ambisjonsnivå er det grunn til å tru at lønnskostnaden + andre kostnader kan ligge på mellom 1,5 – 2 mill pr. År. Langsiktig finansiering av ei slik stilling kan skje ved kommunalt spleiselag, ved at ei frir til næringslivet ved at ein nyttar næringsfondet i Regionrådet, eller ein kombinasjon av desse. Dagleg leiar trur det vil bli krevjande å få kommunane med på å fullfinansiere ei samferdselsstilling no, men om ein skal samferdsel på alvor og ser til andre store vegprosjekt, t.d E 134 ([E134 Haukelivegen AS](#)), kan det hende ein ikkje kjem utanom. Administrasjonen i Regionrådet har kapasitet til å løyse mange av oppgåvene på samferdsel, men om dette ikkje blir vurdert som godt nok, og ein definerer tydelege arbeidsoppgåver og antatt stor nytteverdi med ei ny stilling, må kommunane vera villige til å finansiere den.

Tid:

Neste NTP prosess er framskunda med eit år og skal vedtakast våren 2024. Regionrådet har allereie sendt sine prioriteringar til fylkeskommunen og neste høyringsfrist er 3. juli då departementet skal ha våre prioriteringar. Om ein skal køyre ein full budsjettprosess i kommunane før ei ev. utlysning av ei eigen stilling, vil det truleg bli for kort tid att til å påverke denne NTP-prosessen. Eit alternativ til ein eigen fast stilling kan vera innleige av kompetanse ved behov, og heller vurdere ei eiga stilling på lengre sikt.

Realisme:

Samferdselsarbeidet i Noreg handlar om tolmod og kontonuerleg innsats for å oppnå lokale, regionale mål og nasjonale mål og så svingar pendelen i takt med myndighetene sin politiske ståstad. Sjølv om det akkurat no ser noko dystert ut er det grunn til å stå på vidare. For Hallingdal sin del handlar det om å synleggjera miljøgevinstar ved nye samferdselsløysingar og argumentere med samfunnsutvikling, næringslivsutvikling og sikre hovedfartsårer. Dette krev stor engasjement både frå administrasjonen og frå politisk nivå.

Oppsummering:

Hallingdal må framleis prioritere samferdsel høgt. Ei styrking av samferdselsområde kan koma ved å tilsette ein eigen samferdselsbyråkrat, men det kan også styrkast ved sterkare tverrpolitisk engasjement, ved ei anna organisering av næringslivet sitt bidrag og ved tettare samhandling mellom samferdselsutval og Regionråd. Kompetanse innan fagfeltet kan sikrast både ved å tilsette ein eigen stilling og ved å behalde dagens løysing, men det er mange som meiner at dagens løysing ikkje er god nok. Når det gjeld Hallingdal som transportkorridor aust - vest og aksene Hallingdal - Ringerike, er det avgjerande å ha gode langsiktige alliansar. Dagleg leiar meiner derfor at ein på kort sikt skal jobbe vidare med samferdselsutvalet, men betre samhandlinga mellom utval og Regionråd. Det kan vera aktuelt at næringslivsrepresentantar og organisasjonar jobbar tettare med sine samarbeidspartar i Ringerike. På sikt, kanskje allereie frå sommaren 2024, bør Regionrådet vurdere ei løysing som jobbar på fulltid med å sikre oppstart på vegpakke Hallingdal og at ein finn den riktige vegen vidare for Forum nye Bergensbanen.

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet går ikkje inn for å opprette ei eiga administrativ stilling på samferdselsområdet på kort sikt, men vil jobbe aktivt med samferdsel i allereie esisterande råd og utval. Ved behov kan det leigast inn eksterne ressursar for kortare oppdrag mot NTP behandlinga våren 2024
2. På lengre sikt bør det vurderast ei eiga stilling, ei eiga løysing eller eit eige selskap som jobbar dedikert med veg, og aust-vest sambandet gjennom Hallingdal. Skal denne løysinga vera i funksjon i 2024, må den innarbeidast i budsjettet allereie i haust

Hallingdal, 16. mai 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar